

BORDET
og andre tekstar

Bordet pg andre tekstar
Tilfeldige innfall
frå dei siste ti-åra

JOURNALIST I LOKALAVIS

Av og til brun teleløysing
Langs svingete vegar

Kloke og artige raudmussa folk
I varme eller hustrige hus

Mykje mørk kaffe
Og gylne kaffebrød
Som smelta på tunga
Ikkje minst lefse

Og svært mykje bilkøyning
Av og til ei duvande svart ferje

MIDTSOMMAR, REGN

Du skreiv:

Trist med regn
etter rekordvarmen

Du retta det straks:
Regn blir bra for bonden

Men alle vi treng regn
Kjøt i staden for støv
Korn i staden for oske

Så er sagt
at folk treng hus

Men folk treng mat
Mat treng regn
Fjøs treng fe
Jord treng frau
og regn

i all vår tid

BLUES

Sølvgrå asfalt
I sommarregn
Mot ein ny morgon

Over irrgrøne grøfter
Flyg mørke skyer
Med blått skimmer imellom
Fem fattige junigrader

På radioen
– I am the little red rooster
Too lazy to crow for day

VEKTTAP

Overskjorta
hadde folda seg ut
som ein spinnaker
i austavinden
Like før
hadde han skimta
den verkande stortåa

LYKTA

Den sløkte lykta
står og kjenner seg
unyttig
Som eit vagt minne
om natta
som har vore

I KATTMERJAHEIMEN

I Kattmarjaheimen
Veks villgras i tuver
På stien frå grinda
Kring steinar og klynger

Kring Kattmarjaheimen
Renn Småbakkabekken
Med sølvklunkesildring
Og ripsen i krattet

I Kattmarjaheimen
Sprang barføtte jenter
Med raudlette fletter
Og latter i lyngen

I Kattmarjaheimen
Her møter eg minner
Den nedgrodde trappa
I Kattmarjaheimen

LOKFØRAREN

I natt møtte eg lokføraren
Han fortalde at når du køyrer tog
vestover den amerikanske prærien
Sørover mot natta
ligg stjernehimmmelen fast
Men mot nord
endrar stjernebileta seg heile tida
Blir du svimmel av denne
straumen av stjerner
er det berre å rette blikket
mot det faste
mot sør
Dette er natur
la ha til og forklarte
at oppe på Saltofjellet
skal dei lage ei utstilling
om dette
Tre stolpar
med ei fastlagd plassering

Når du siktar mellom dei
kan du sjå
korleis det heng saman
Lokføraren hadde på seg
venlege fritidsklede
men når han er på jobb
ber han ei av desse
store skjermhuvener
ein fargerik halsduk
og lange arbeidshanskar av skinn
på nevane
Det kan vere spennande
å stå der
fremst i toget
Om noko hender i natta
får du ikkje tid til å bremse
Du berre køyrer på
Sa han
og kvarv

OM HAN JACK BERNTSEN HADDE LEVD

Om han Jack Berntsen hadde levd, då hadde
han tatt på seg den slitte skinnjakka si
og klødd seg i skjegget og leita fram den gamle
gitaren sin
og laga ein song.

Det skulle ha vorte ein song om ho Lena s
om vakna av eit frykteleg drønn.
Det skulle ha handla om at blokka ho budde i
og skolen ho gjekk på vart lagd i grus,
berre fordi ein mann borti eit anna land
hadde fyra av alle nyttårsrakettane sine i mars
— enno det ikkje var lov
— og brent ned husa til folk som låg og sov.

Om han Jack Berntsen hadde fått levedagar,
ville han ha skrive songen om ho Lena
som rømte over grensa saman med
ho mamma og han lillebror, mens
han pappa måtte i krigen og ein sliten, men
trufast tøybamse vart liggjande att
i ei branntomt.

Det ville han ha gjort, han Jack Berntsen, og så
ville han ha rive seg i skjegget og slått på
gitarkassa
— og tatt grep
— og sett seg ned saman med ungane,
og sunge av full hals at
"de store slemme lainnan
de ska kje føl sæ trygg
— de snille land skal reise sæ o
g velte dem på rygg!"

NÅLJOS
Iskald måne
over svarte horisontar
Attom bølgyande aks
Løyner gult ljós frå grå hus
Løyner nådelause glimt
attom tagale tre
Såkornet brenn
Skular brenn
Massegraver
Despoten sine blå auge
blundar ikkje
Bleikt nåljós
skjelv over Europa

MEN DÅ

Men då han
kom tilbake
vaska og vaska
dei same
dønningane
og langt der ute
var horisonten
like bleik og
utydeleg

KØNTRI

Sauene ørtar og havskodda sig
Oksen går rundt med ein flir
Humlene humlar og gjeldkua mig
attom ein trufast John Deer

KORPS I MAI

Eg var
misunneleg
på dei som vart utvalde
til å spele
I skolekorpset
Men sjølv klarte eg nesten
å hamre meg gjennom
heile «Ja vi elsker»
På xylofon
Sidan har eg alltid
vore på leiting
etter ein alternativ
Fedrelandssong

GUL FUGL PÅ KINO

Den første filmen såg eg
på samfunnshuset,
truleg syttande mai.

Ein gul fugl var med,veit eg.
Eg var i førskolealderen.

Meir enn 60 år har gått no.
Sida har eg sett mange filmar
eg ikkje hugsar.

For ikkje å snakke om
dei eg aldri fekk sjå.

MÅSEN PÅ GJERDET
Han tenker kan hende
 på sola som varma
 på regnet som piska
 over eit lunt bol
 på ungane som fór
 prøvande i vinden
 på snøen som falt
og som snart kjem att
 Kan hende

Bortanfor skoddedottar
attanom svarte fjell
langt bortom sky
ligg det gylne landet
Den forgylte
staden
kor stundom
sol bryt fram

Attani blautmyralandet
Grov dei opp grøfter
Slepa på gråstein
Bortanfor storsteinatstykkjet
Vaks det ein mur
Skoddeheimsmuren
I morralysdis

Vi har fare fint åt
med gammalbåten
Nymåla er han
og dugeleg bunnsmurt
God for mang ei ferd
og meir enn eitt varp
I maksvér
på heimsjøen
No ligg han forsvarleg
fortøyd på land
I sommar
vart det ikkje
at han kom på sjøen
Yamaha-en står i naustet

Naustet
hans onkel Bergvald
på Roparneset
vart forma og designa etter
rekveden sin struktur og arkitektur
og vaks fram i harmoni
med sørvestvintrane
Her lagra han
sildekasser og hesjestreng
Vindusrammer funne på rak
og nesten sjøsettande bruk
Oljehyr
og nyttige syredunkar
til fløyt
Her samla han metervis med rør
til vassleidninga
som aldri var noko av

Den fjortenfots heksbåten
ligg kvelva utfor veggen

KORN

Gylne aks
vaifar i vinden
Under ein
stålgrå himmel

Utan korn
låg alle landa
aude

NYSTUA

Etter at innerstua brann
Bygde bessmor og bessfar
ytterstua

Av vatn, sand og sement
Romsleg vart ho ikkje
Men bislaget låg i le

UTAN TITTEL

Men då han kom attende
vaska og vaska
dei same dønningane
og langt der ute
horisonten
like bleik og utydeleg

UNIVERSITAS

E ha gådd på Skogmo Universitetet,
pleide han å seie,
humoristen og rørleggjaren Svein.
Han gjekk bort for nokre år sida.
Han var ein kar som visste mykje,
ikkje minst om hurtigruta.
Dette var før nokon kom på
den narrestreken at kvar
einaste læreanstalt
i kvar einaste snobbete
norsk by
skulle smykke seg med
å vere universitet.
Grunnutdanninga si fekk han Svein
i grendeskolen
på Skogmo
som og er borte.

VEGG
Slipa
av vind
bleika av sol,
krøkt av tid,
men står,
tett lafta,
fersk i margen

UTAN TITTEL

Som dropen i vind

Som lauvblad i skog

Som fjær i lyng

Som ein dagen mot vest

for eg

Snørelaus

VÅR

«Hang down your head Tom Dooley...»

Ho la att augo og song,
medan ho slo på strengane
og samtidig kika ned i
Jørgen Ingmanns nybegynnarkurs.

«Hang down your head and cry...»

Ho tromma tankefullt
på Lucky Seven-gitaren
og tenkte seg langt,
langt forbi strekkmetalltrappa,
eit kast med hovudet,
fekk lokkane
vekk frå fjeset.
Eit nytt grep,
ho nynna lågare,
ifall dei sat og lya der inne.

Med eitt la ho gitaren ifrå seg,
kjeik vaktsamt over skuldra
før ho drog fram det kvite arket
ho hadde gøymd
innpå barmen,
glatta det ut der i fanget,
las den jamne handskrifta
enno ein gong.
Det kom så langt bortanfrå,
hadde vore så lenge på reise,
brevet.

BORDET

På kjøkenbordet
var livsgrunnlaget.

Der vart grauten og flatbrødet sett fram,
og grovkaka og lefsa,
nyrørt rips og godt smør.

Til kvardags kasserollen
med uskrella, mjølne potetar.

Lettsalta torsk og flesk.

Ein sommars dag sprøsteikt auring
frå den grunne bekken.

Raud i kjøtet.

Kjøkenbordet
var midtpunktet
for ei handfull menneske
som benka seg rundt det
i ei tid gøymd bak bleike dagar.
Då han skulle ta dei første stega,
greip han
med dei små butte nevane sine
eit solid tak i bordkanten
for å heise seg opp.
For han var det
heilt utenkeleg
at det kunne velte.

HEIM

I mange dagar
hadde vi gått.

Både hundane og vi
var svoltne
og slitne.

Så vi lægra oss der
ved stranda.

Det regna ikkje lenger.

Langt der borte
skein dei kvite fjella,
fjella våre.

SKRIFTA

Andre gongen det flødde
gjekk eg dit ned,
og las den same skrifta.
Neste dag gjekk eg ikkje ut.
Etter kvart la isen seg
i flomålet.
Du kan ikkje gå
på den same stranda
to gongar.

DET SOM VAR

Haken

heldt vindauget på gløtt
og slepte fri eimen
av steikt sild og
tynne rullings.

Kvitmålinga slepp taket
og rusten tving seg fram.

Enno held ho stand,

grønmålinga
ho kjøpte billig
på auksjon.

AT DET HADDE

At det hadde vore liv

At det kunne vere liv

At det var liv

Ein stad

Mellom skjøre flak

Og svart vatn

Såg vi

Då isen brast

HURTIGRUTA JUNI 2011

Eg er ingen sjøulk.

Ein gong var eg med og spydde ut ein
motortorpedobåt

Og eg minnest med gru ein seilas over Lopphavet
med gammal-Erling Jarl,

då sjyen kom forsande innabords
og det sto ein fot vatn på lugargolva

Men eg kom heim til jul.

Laurdagskveiden i den veka NRK sette kjøøl på
Nattønsket, sto eg klar på Nærøysundbrua, då
NordNorge kom sigande med TV-kamera som
gallionsfigur

i baugen,

og bror min ringte og fortalde at han såg meg.

Eg fotograferte hurtigruta med mobilen,
og med kamera.

Framanifrå og attanifrå der oppefrå brua
Før eg heiv meg på sykkelen og trødde inn til
Rørvik, akkurat då ho sette på sidepropellane
og seig inn til kai.

Der møtte eg ein kompis som hadde sykla eins
ærend
frå Brønnøysund.

Han skulle vere med NordNorge, ilag med turistar
og TV-kamera, heim same kvelden.

Det var storsjau på kaia.

Viknaværingane passa på å feire Hurtigrutas Dag
der i Rørvik den dagen med ordføraren på alerten
og hornmusikk på plass
Dei spela «Månemann»,

mens eg stod der og hang med sykkelen
med ein blå hjelm på skolten.

Eg måtte tråkle meg fram i trengselen bortover
kaia,

Du kunne ikkje presse så mykje som tverrhanda
mellom meg og medborgarane mine då.

Eg aksla meg framåt gammalhurtigruta,
Nordstjernen,

sørgående, som og va kommen inn til Rørvik.

Halvparten av Vikna sine 4000 innbyggjarar var
møtte opp der denne kvelden.

Halvparten. 2000 på kaia og i småbåtane.

Men så va det å hive seg på sykkelen igjen,
til hytta, kor eg hadde latt TV-en stå på.

Då var ho på veg nordover igjen,
gjennom det tronge sundet nord for Måneset.

Å så møtte ho Helgelandskysten
i den flottaste midtsommarnatta med rosa-
oransje- og fiolettnyansane på fjell og sjø, og ho
Kari Bremnes song – og det var lyst, og det er mykje
mørkare no enn då,

For resten av signingsferda langs riksveg
nummer ein vart ei einaste
midtsommarnattsdraum
med Helgelandskysten som suveren seierherre.

Eg satt og såg det på TV, då ho seig under
Brønnøysundbrua i stavstilla mens feststemte
brønnøyværingar rølpa og skreik
«Velkåmmen tel Brønnøysschuinn» og vrengte av
seg overskjorta og vifta med ho, mens dei brøla
enno meir, for det var kyststevne der i byen – og øl
å få.

Og dei heldt fikling med telefonane sine, alle ihop,
mobiltelefon i eine handa og eitt skilt av bølgepapp
i den andre handa, som dei vifta med for at ho
Besta på Forvik, morsan og ho Prutt våres på
Mindlandet skulle sjå dei på TV. Sjå meg – her er eg
– på TV – og eg drit i hurtigruta – berre di ser meg
heime. Meg. Meg.

Og Brønnøysund Musikkorps, sjølvaste BMK,
spela «Månemann».

Og sånn var dei – sånn var dei på kai etter kai, i
Sandnessjøen var dei visst enno fullare,
for der var nattklubbane akkurat stengde då skipet
NordNorge gjorde sin entre og natta var fylt med
nostalgi, magi og selfiar.

Vi såg dei alle, der dei sto på berga frammed fjæræ
og vifta med pledd og småungar.

Somme hadde spjåka seg ekstra mykje ut,
til og med inni Trollfjorden var det nokre jenter
så ha kledd seg ut tel – ja no kan du gjette...troll.

Og av å til måtte eg på arbeid, mens TV-en stod på.
I Skjervøy såg eg kor sannsynleg uoppdragne ungar
dei hadde der,
som heldt på å trø ned heile landgangen.

Og eg fekk sjå Honningsvåg.

Og så – så kom Kjøllefjord, i storm og juni-sklett.

Der såg eg ein elev, ein eg hadde på barneskolen i
1973.

No stod han der og fraus stakkar i ein blå genser.
Og hornmusikk vart det. Og jentungane dansa. Og
tok selfiar.

Men i Mehamn, der stod han Elvis Presley
me forsterkar i ei egnarbu med lokal båddygard.
Det var stort,
i tungsjøen langs månelandskapet bortover Aust-
Finnmarka
med solgløtt over Vadsø.

Seiersgang gjorde ho – seierseilas før kysten,
aksjonærane og Destination Helgeland.

Tenk at like til i Nepal sat dei og såg på dette,
og i Aserbajdsjan – derifrå fikk blandakoret i

Honningsvåg

– eller kor det no var – innbyding til å komme og
synge -

Og det var hurtigruta si skyld – og NRK2.

Oppe frå bergknausen

kunne dei sjå fjorden
og kanskje dei blå fjella attom
Dei unte seg ein rast.
Det var langt heim,
men dagen var lys
og sola varma litt
framleis

KVINNE PÅ IPANEMA
35 grader
i formiddagsskuggen
Men ho gir blanke
Luftig kjole
Blårutete parasoll
Hastar bortover promenaden
Bryr seg ikkje
Ensar ikkje
turistar og tiggjarar
halsande sveitte trimmarar
Varesyklar med isbitar
Ropande tøyseljarar
Hastar vidare
så fort sandalar og stokk maktar
Truleg skal ho heim
Ho er ei kvinne
På Ipanema

...

#riodejaneiro 2015

KVILD

På ein benk
i skuggane
under dei
grøne by-trea
finst ei svalare verd
for trøytte menn
og tørste hundar

...

#riodejaneiro 2015

